

Bergen, 30.03.22

Vår ref: 2022/329
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref:

ABO Plan & Arkitektur AS

Bømlo, Mosterhamn, Serklau – oppstart detaljregulering 20/12, 79 m.fl. – uttale

Visar til brev av 14.02.22, med vedlegg, frå ABO Plan & Arkitektur AS om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Sunnhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, m.m.), ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar kan til tider oppleve å motta klagar frå bebuarar og fritidsbebuarar. Det er viktig at ein respekterar fiskarane sin hevdvunne rett til bruk av sjøområde i si verksemd.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandsona blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for fiske/ferdsel på sjøen.

Serklau

Detaljreguleringa legg til rette for vidareutvikling for å gjere nytt areal tilgjengeleg for marin/maritim næringsverksemd. Regulering av djupvasskai vil bli vurdert.

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert fiskeområde for passive reiskap i reguleringsområdet. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps og hestmakrell.

Ein føreset at sjøområde blir halde ope for fiske, og at sjøareala ikkje blir nytta til lagring av utstyr. Dette er òg viktig av miljøomsyn. I den samanheng føreset ein at sjøområda blir rydda og gjort tilgjengeleg for fiske. Det må stadfestast i føresegnene at sjøområda ikkje skal nyttast som lagringsområde eller beslaglagt på anna måte.

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Ein føreset at ein får detaljplanen til høyring.


Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Dagleg leiar


Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Sunnhordland Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Vest
Statsforvalteren i Vestland

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.



Utsnitt Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy



Planavgrensing